

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Kviknes Hotel, Balestrand
Dato: 11.03.2020
Tidspunkt: 13:00

Velkomen til det andre møtet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2020!

Møtet vert halde i forlenginga av *Oppstartssamling for nasjonalparkstyra og verneområdestyra*.

Det vil bli gjeve ei orientering om nasjonalparken og utviklinga av denne. Alle varamedlemer som har vore på oppstartssamlinga er og invitert til å vere med på dette styremøtet, som ein del av kompetansebygging.

Eventuelt forfall må meldast snarast til Tor Arne Hauge på mobil 90 19 24 71.
Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkommen!

Venleg helsing
Maria Knagenhjelm og Tor Arne Hauge
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 9/20	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 10/20	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 11/20	Orienterings- drøftings- og referatsaker		
ST 12/20	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidler 2020		2019/21874
ST 13/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - Jostedalsbreen - oppsetting av midlertidig værstasjon i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet		2020/4234
RS 4/20	Sluttrapport andre år restaurering drifteveg Sunndalen - Jostedalsbreen nasjonalpark		2019/13191
RS 5/20	Sætrar og kulturminne i Briksdal		2020/2246
RS 6/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdsel med snøskuter - kjentmannskjøring - Førde Røde Kors		2020/4091
RS 7/20	Jostedalsbreen nasjonalpark - breturkartet - førespurnad om delfinansiering - 2020 - Norsk Bremuseum		2019/5689

ST 9/20 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 10/20 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar

ST 11/20 Orienterings- drøftings- og referatsaker



Arkivsaksnr: 2019/21874-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 02.03.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	12/20	11.03.2020

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidler 2020

Innstilling frå forvaltar

Sekretariatet har følgjande framlegg til prioritering av tiltaksmidlane for 2020:

1	Reparasjon av varde langs Skålastien	10 000
2	Utbetring av punkt på drifteveggar i Stryn	30 000
3	Kanalisering fordi morenar i Haugadalen	20 000
4	Kanalisering av ferdsel kring Tungestølen	40 000
5	Utbetring av stiparsell på Skålastien	120 000
6	Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen	20 000
7	Plan for utbetring av sti til Flatsteinbu	35 000
8	Reparasjon av erosjonsutsett punkt Oldeskaret	12 000
9	Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen	30 000
10	Fjerning av gran i Fosdalen	14 000
11	Fjerning og rydding av gran i Sunndalen	24 000
12	Uthenting av jernskrot og anna søppel	35 000
13	Vedlikehald av viktige bruer og stiar	40 000
14	Kjettingar og brefareskilt	10 000
15	Utviding av utkikkspunkt ved Kjenndalsbreen	60 000
16	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	0
	Pott	500 000

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment/endra føresetnadar på dei enkelte prosjekta. Forvaltar bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret blir fortløpande orientert om prosjekta i løpet av året.



Nasjonalparkstyret v/sekretariatet tek kontakt med Miljødirektoratet for be om ekstra løyvingar over 21-posten til sårbarheitsvurderingar og skjøtelsplanar i samband med supplerande tildelingsrundar.

Saksopplysningar

I bestillingsdialogmøte 1 vedtok Jostedalsbreen følgjande prioriterte tiltak for 2020, som vart sendt til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter i desember:

Tabell 1:

Oversikt søknader om tiltaksmidler 2020 – Post.31

Pri.	Navn	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Reparasjon av varde langs Skålastien	Restaurering	Annet (utdypes i merknadsfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
2	Utbetring av punkt på drifteveg i Stryn	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
3	Kanalisering forbi morenar i Haugadalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
4	Kanalisering av ferdseil kring Tungestølen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
5	Utbetring av stiparsell på Skålastien	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	120 000
6	Sårbarheitsvurdering Skålastien og Vesleskåla	Kartlegging	Annen kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
7	Sårbarheitsvurdering i Haugadalen	Kartlegging	Annen kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
8	Sårbarheitsvurdering i Bøyadalen	Kartlegging	Annen kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
9	Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen	Restaurering	Annet (utdypes i merknadsfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
10	Plan for utbetring av sti til Flatsteinbu	Tilrettelegging og informasjon	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	35 000



11	Reparasjon av erosjonsutsett punkt Oldeskaret	Restaurering	Annet (utdypes i merknadsfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	12 000
12	Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
13	Fjerning av gran i Fosdalen	Uttak av fremmede arter	Uttak av norsk gran	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
14	Fjerning og rydding av gran i Sunndalen	Uttak av fremmede arter	Uttak av norsk gran	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
15	Uthenting av jernskrot og anna søppel	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	35 000
16	Vedlikehold av viktige bruer og stiar	Restaurering	Annet (utdypes i merknadsfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
17	Kjettingar og brefareskilt	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
18	Utviding av utkikkspunkt ved Kjenndalsbreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	60 000
19	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	Kartlegging	Annen kartlegging	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Lokalt SNO	0
20	Pott	Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak			Forvaltningsm.	0
						792 000

* Søknadssummen i prioritet 14 *Fjerning og rydding av gran i Sunndalen* var opprinneleg kr 120 000,- , men er i søknaden redusert til kr 30 000,-. Dette på grunn av at kr 84 000,- vart forskottert til dette prosjektet etter styrehandsaminga i desember.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått innvilga kr 500 000,- til tiltak i 2020 over post 1430.31 – tiltaksmidlar for verneområde. Det vart søkt om kr 792 000,-. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre fekk 1 000 000,- i 2019, og har såleis kr 500 000,- mindre til tiltak i år enn i fjor.

Tre omsøkte tiltak er av direktoratet vurdert å vere utanfor postformålet i post 1420.31. Det gjeld såbarheitsvurderingar av Skålastien, Haugadalen og Bøyabreen. Det vart søkt om til



saman kr 200 000,- til desse tre prosjekta (sjå tabell 2). I merknadsfeltet har direktoratet vist til Post 21, denne posten gjeld plan- og driftsmidlar til styret.

Styret er tildelt kr 570 000,- i plan- og driftsmidlar for 2020, vi søkte om kr 770 000,-. Søknaden på denne posten var tredelt. Vi fekk som omsøkt til *drift av styre og planarbeid*, men fekk avkorta med kr 200 000,- til *skjøtselsplan for tre stølsdalar i Stryn*. Styret bør difor vurdere sårbarheitsvurderingar opp mot skjøtselsplan som har fått midlar over post 21. (sjå tabell 3).

Det er og mogleg å bestille meir midlar i samband med supplerande tildelingsrundar i løpet av året. Vi har ingen garanti for at vi får meir midlar, men er der midlar att og vi har gode argument for ekstra tildeling så kan det prøvast.

Utanom dei løyvde midlane har vi også bedt om ferdselsteljarar for å fortsette å samle inn kunnskap om dei besøkande i og rundt nasjonalparken, men ferdselsteljarane er eigd av SNO-sentralt og er ikkje synleg på budsjettet.

Tabell 2 – Tildeling av tiltaksmidlar 2020

Pri.	Navn	Status	Innvilget beløp	Øk. ansvarlig	Kommentar
1	Reparasjon av varde langs Skålastien			Forvaltningsmyndighet	
2	Utbetring av punkt på drifteveg i Stryn			Forvaltningsmyndighet	
3	Kanalisering forbi morenar i Haugadalen			Forvaltningsmyndighet	
4	Kanalisering av ferdsel kring Tungestølen			Forvaltningsmyndighet	
5	Utbetring av stiparsell på Skålastien			Forvaltningsmyndighet	
6	Sårbarheitsvurdering Skålastien og Vesleskåla	Utenfor postformål		Forvaltningsmyndighet	Post 21
7	Sårbarheitsvurdering i Haugadalen	Utenfor postformål		Forvaltningsmyndighet	Post 21
8	Sårbarheitsvurdering i Bøyadalen	Utenfor postformål		Forvaltningsmyndighet	Post 21
9	Reparasjon av flaumskade på bru i Ruteflotdalen			Forvaltningsmyndighet	
10	Plan for utbetring av sti til Flatsteinbu			Forvaltningsmyndighet	
11	Reparasjon av erosjonsutsett punkt			Forvaltningsmyndighet	



	Oldekskaret				
12	Klopplegging av våte parti i Bergsetdalen			Forvaltningsmyndighet	
13	Fjerning av gran i Fosdalen			Forvaltningsmyndighet	
14	Fjerning og rydding av gran i Sunndalen			Forvaltningsmyndighet	
15	Uthenting av jernskrot og anna søppel			Forvaltningsmyndighet	
16	Vedlikehold av viktige bruer og stiar			Forvaltningsmyndighet	
17	Kjettingar og brefareskilt			Forvaltningsmyndighet	
18	Utviding av utkikkspunkt ved Kjenndalsbreen			Forvaltningsmyndighet	
19	Ferdselstøtting langs utvalde stiar			Lokalt SNO	
20	Pott	OK	500 000	Forvaltningsmyndighet	
Antall: 20			500 000		

Tabell 3 – Tildeling plan- og driftsmidler 2020

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Driftsmidler Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Innvilget	320 000	
Planarbeid Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Innvilget	150 000	
Skjøtelsesplan tre stølsdalar i Stryn	Delvis innvilget	100 000	Innen årets ramme har det i liten grad vært rom for kartlegginger og skjøtelsesplaner
		570 000	

Vurdering

Styret må drøfte om framlegget til prioritering er slik styret ønskjer det. Om styret ønskjer færre, men større tiltak er det innanfor det politiske skjøn. Jo fleire tiltak, jo meir arbeidskrevjande er det også for sekretariatet å følgje opp. Styret må alltid vurdere det samla omfanget på tiltaka opp mot framdrifta på forvaltningsplanen og besøksstrategien.

Sidan tildelinga er mindre enn søkt om må det gjerast prioriteringar mellom ulike prosjekt.



I utgangspunktet vil det naturleg å leggje bort dei sårbarheitsvurderingprosjekta som av Miljødirektoratet vert vurdert å vere utanfor postføremål. For alle tre prosjekta vil dette vere uheldig, men særleg for Skålastiprosjektet vil det vere ekstra uheldig om det ikkje vert gjennomført sårbarheitsvurdering i 2020, då dette vil redusere sjansane for autorisering av Skålastien som nasjonal turiststi. Autorisasjon som nasjonal turiststi er eit nålaug som berre eit 15 stiar vil kunne få, det er difor viktig å vere langt framme i løypa.

For å kome i mål innanfor ramma på kr 500 000,- har sekretariatet vurdert tiltaka som er omsøkt (tabell 1) og føreslått nokre endringar/kutt. Det største kuttet er knytt til prosjektet kanalisering av ferdsel kring Tungestølen, som er redusert frå kr 100 000,- til kr 40 000,-. Sekretariatet meiner at dette er eit viktig prosjekt med mange aktørar involvert, noko som gjer at det er trong for god planlegging og koordinering før fysiske tiltak vert gjennomført. Truleg vil mykje av 2020 gå med til planlegging av nye tiltak, men det kan likevel vere trong for ein del konkrete tiltak for å utbetre eksisterande stiar inn i eller inn i mot nasjonalparken.

Følgjande tiltak har og blitt redusert i framlegget til prioritering som no ligg føre:

- Fjerning av gran i Fosdalen er redusert frå kr 30 000,- til kr 14 000,-
- Fjerning og rydding av gran i Sunndalen frå 30 000,- til 24 000,-
- Kjettingar og brefareskilt frå kr 20 000,- til kr 10 000,-

Fjerning av gran i Fosdalen er no lagt inn i bestilling av tenester frå SNO og kostnaden vert difor redusert med SNO si hjelp. Granprosjektet i Sunndalen er kostnadsrekna til kr 107 000,- og kr 84 000,- er allereie forskottet til prosjektet. Kjettingar og brefareskilt vert kjøpt inn i lag med Luster kommune, slik at vi reknar med at stk-kostnad vert lågare enn budsjettet.

Det er trong for meir midlar dersom vi skal kunne gjennomføre skjøtelsplan og sårbarheitsvurderingar som planlagt. Nasjonalparkstyret v/sekretariatet bør sende ein førespurnad til Miljødirektoratet for å be om ekstra løyvingar i supplerande tildelingsrundar i løpet av våren. Førebuande arbeid, m.a. å hente inn tilbod på gjennomføring av prosjekta, kan likevel gjennomførast med atterhald om at vi får midlar dersom vi får positive signal frå Miljødirektoratet.

Det kjem som regel inn behov for mindre utlegg før sommaren, som til dømes grenseverneskilt, skiltstenger, nytt sperregjerde i Briksdalen og likande mindre beløp. Dette har som regel forvaltaren handsama innan den eksisterande budsjettamma, og det er viktig med ein viss grad av fleksibilitet. Ved tvil, konsulterer sekretariatet styreleiar.

Styret vil få jamlege oppdateringar på framdrift og økonomisk balanse utover året.

Styret vil få lagt fram bilete og meir informasjon om dei einskilde tiltaka på styremøtet.



Arkivsaksnr: 2020/4234-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 03.03.2020

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	13/20	11.03.2020

Jostedalsbreen nasjonalpark - Jostedalsbreen - oppsetting av midlertidig værstasjon i JOSTICE-prosjektet - Høgskulen på Vestlandet

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i verneforskrifta kapittel IV, punkt 1.3, 1. ledd, til Høgskulen på Vestlandet v/Mette Gillespie, til oppsetting av ein værstasjon på Jostedalsbreen, på breplataet aust for Kjenndalskruna, på følgjande vilkår:

1. Værstasjonen skal fjernast når den ikkje lenger er i aktiv bruk, seinast 30. april 2024.
2. Det skal ikkje ligge att søppel og skrot etter arbeidet.

Etter at prosjektet er gjennomført skal kortfatta rapport sendast nasjonalparksekretariatet, med bilete av masta, eksakt lokalisering på kartet, ev andre observasjonar, m.m.


Søklar er sjølv ansvarleg for å innhente andre nødvendige løyve frå kommune, samt frå grunneigarar.

Saksopplysningar

Den 7. februar 2020 kom ein søknad frå Høgskulen på Vestlandet (HVL) v/ Mette Gillespie om løyve til motorferdsle og om løyve til å setje opp ein værstasjon, i samband med gjennomføringa av eit forskningsprosjektet JOSTICE. Søknad om motorferdsel er handsama i eiga sak der Nasjonalparkstyret gav løyve 24.02.2020.

Værstasjonen er av typen PROMICE som er festa på ein tripod (sjå Figur 2). Værstasjonen er tenkt plassert på breplataet aust for Kjenndalskruna, nær punktet T95 på figur 1.

HVL har fått midlar frå Norges Forskningsråd til eit fireårig prosjekt med namn JOSTICE. Prosjektet har eit budsjett på 24,5 millionar kroner og har som føremål å kartleggje framtidige endringar i Jostedalsbreen under ulike klimatiske scenario.



Figur 1. Posisjon værstasjon

Prosjektet skal kople konsekvensane for lokalt klima, landbruk, reiseliv og vasskraft med endringar i naturen der både isdynamikk og klima vert målt og projisert. Prosjektet involverer mange aktørar; både forskarar frå Vestlandsforskning, NVE, Universitetet i Bergen (UiB), Universitetet i Oslo (UiO), Høgskulen på Vestlandet (HVL) og fire andre europeiske universitet skal samarbeide tett med regionale interessentar som Statkraft, Sogn og Fjordane Bondelag, Norgesguidene, Jostedalens Breførelag, Breheimsenteret, Jostedalsbreen Nasjonalparksenter, Norsk Bremuseum, ViteMeir og også Jostedalsbreen nasjonalparkstyre.

I søknaden skriv forskar Mette Gillespie følgjande:

For å kunne kvantifisere de fremtidige endringer til Jostedalsbreen og områdene rundt, må vi først og fremst kartlegge fjelltopografien under breen, da denne har stor betydning for brededynamikken og fordelingen av vann mellom vassdrag. Dette gjøres ved hjelp av radar-målinger av istykkelsen og konstruksjonen av en ny terrengmodell for breen, til dels ut fra målinger med differensial GPS (DGPS). I tillegg må vi bestemme massebalansen til hele Jostedalsbreen for å kunne modellere fremtidige endringer i denne. Dertil trenger vi detaljerte

målinger av snøtykkelsen (manuelle sonderinger og radar-målinger) og løpende meteorologiske observasjoner på breen.

Det er planlagt å lage eit skilt til værstasjonen som informerer eventuelle besøkande om JOSTICE og målingane som vert føreteke ved lokaliteten. I tillegg er det planlagt å overføre målingane frå værstasjonen direkte til skjermar ved HVL og besøkssentre i regionen. Værstasjonen skal måle endringane ved snøoverflata i meir detalj.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav i styremøtet 24.02.2020 løyve til motorisert ferdsel med helikopter og snøskuter for heile prosjektperioden til JOSTICE-prosjektet. Dette løyvet gjaldt og motorisert ferdsel i samband med oppsetjing, ettersyn, vedlikehald og demontering av værstasjonen.



Figur 2. PROMICE værstasjon



Lovgrunnlag

Føremålet med vernet av Jostedalsbreen nasjonalpark er, jamfør forskrifta datert den 25. oktober 1991:

- *å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand*
- *å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging*
- *å verne om kulturminne og kulturlandskap*

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta si § IV, punkt 1.1), mellom anna oppsetting av bygningar, gjerde og anlegg, (...) sprenging og boring (...). Forvaltningsmyndet kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (punkt 1.3, 1. ledd) bygge, ombyggje, utvide, eller endre bygningar m.m. som nemnd under punkt 1.2. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjevne etter punkt 1.3.

I denne saka, der det dreier seg om ei mast med værstasjon, så fell det inn under «m.m.»-definisjonen, altså eit anlegg/innretting. Det står ikkje noko særskilt i forvaltningsplanen om denne typen tekniske innretingar.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

I forvaltningsplanen sitt kapittel 7.3.12 Forsking og undervisning står følgjande:

Norsk Vassdrags- og Energiverk (NVE) er i si forskning (m.a. glasiologi, geologi og meteorologi) både avhengig av å setje opp mindre boltar, signalar og målestakar, og dessutan meir omfattande måleutstyr. Forskingsprogrammet er av stor nytte også [for] forvaltningsstyresmakta. Både gjennomføring av NVE sitt forskingsprogram og drift av stasjonen på Steinmannen føreset motorisert ferdsel (helikopter og snøscooter). Utgangspunktet er at NVE si forskning skal kunne halde fram som tidlegare fordi denne er viktig og nyttig også for forvaltninga av nasjonalparken, t.d. når det gjeld brearmene si framrykking. Forvaltningsstyresmakta må likevel ha styring med og oversikt over NVE sine aktivitetar. På denne bakgrunnen har NVE difor søkt på brei basis om dei tiltaka og aktivitetane dei ønskjer å gjennomføre i nasjonalparken, og fått eit fleirårig løyve for desse på visse vilkår, m.a. at motorferdsla vert av så lite omfang som mogleg, kontakt med nasjonalparktenesta før utreise slik at ein har høve til å krevje utsetjing av oppdraget, og at snøscooterbruken held seg på austsida av vatniskiljet på breen.

Retningslinjer: Forsking og undervisning i Jostedalsbreområdet er positivt og nyttig, men forskning og undervisning må ikkje gå ut over verneverdiane og verneinteressene.

Forvaltningsstyresmakta vil vere til hjelp for forskning og undervisning i den grad der er ønskeleg og ein har kapasitet.

Friluftsfolk som går breen på langs eller på tvers vil kunne treffe på værstasjonen på tur over breen. Værstasjonen er eit teknisk inngrep som for nokon kan verke forstyrrende på naturopplevinga.



Vurdering

Det aktuelle området for plassering av værstasjonen er midt oppe på breplatået, like aust for Kjenndalskruna. Det er ikkje registrert særskilt sårbart biomangfald i dette området (nml § 8).

Forvaltar vurderer at infrastruktur som master m.m., helst skulle ha vore lokalisert utanfor vernegrensa (nml § 9), men i dette tilfellet er det vanskeleg å gjere det utan at verdien av forskinga vert sterkt redusert (nml § 12). Det er tilnærma null friluftsliv i disse fjellsidene.

Masta bør ikkje være høgare enn naudsynt, men den skal samtidig være så solid slik at den toler den belastninga og klimapåverknaden den tida den har løyve til å stå der (§ 12). Samla belastning i dette området er svært lita (nml § 10), masta vil takast ned att etter 4 år og såleis vere av forbigåande karakter. Nml § 11 er lite relevant å vurdere i denne saka.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at oppsetting av ein værstasjon med det føremål å finne meir ut om mikroklimatiske høve på breen i avsmeltingsperiodane, er ein særleg grunn å gje dispensasjon frå forbodet mot å sette opp anlegg. Det er allereie gjeve dispensasjon til nødvendig motorferdsel i samband med tiltaket.

Det er truleg berre friluftslivsfolk på tur over breen som vil sjå og dermed kunne bli påverka av værstasjonen. Sidan værstasjonen er eit midlertidig tiltak som har svært lokal påverknad, ingen støy eller lysureining, vert den vurdert å ikkje vere i strid med verneføremålet for Jostedalsbreen nasjonalpark.

RS 4/20 Sluttrapport andre år restaurering drifteveg Sunndalen - Jostedalsbreen nasjonalpark

RS 5/20 Sætrar og kulturminne i Briksdal

RS 6/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - ferdsel med snøskuter - kjentmannskjøring - Førde Røde Kors

RS 7/20 Jostedalsbreen nasjonalpark - breturkartet - førespurnad om delfinansiering - 2020 - Norsk Bremuseum